

Lakseprisen stig

LEIKANGER: Eksportprisen for fersk laks stig att. Gjennomsnittsprisen den siste veka vart på 29,69 kroner. Det er ein prisoppgang på 2,7 prosent samanlikna med veka før. Dei ti siste vekene har lakseprisen halde seg stabilt høg med 27,69 kroner som lågaste snittpris og 30,88 kroner som høgste snittpris.

Prisnivået gir god gevinst for dei fleste oppdrettarane langs kysten. Også eksportkvantumet for fersk laks held seg høgt. Den fjerde veka i 2010 enda eksporten på 10.967 tonn, ein oppgang på 0,7 prosent samanlikna med veka før, viser tal frå Statistisk sentralbyrå.

Reinrasa fjellrev på Finse att

LEIKANGER: Før helga vart 15 fjellrev sett ut i Finsetraktene. Dette er rev som er oppdretta på Oppdal. Med helikopter kom til saman tre syskenflokkar fjellrev, som no får nytta fridomen for første gong. Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn arbeider for å få på plass att ei levedyktig stamme av fjellrev. Dette er rev utan «innblanding» frå rømd farmrev. Fjell-

reven vart fredag sett ut på tre ulike stader vest for Finse. Dei er utstyrte med kunstige hi, og med spesialtilpassa fødingsautomatar, lik det dei var vane med frå oppveksten på avlsstasjonen. I arbeidet med å byggja opp att ei ny stamme av fjellrev er det planlagt å setja ut ti til tjue fjellrev på Finse kvart år framover.



MÅ SATSA: – Me har flott prosjekt i fjordstien. No må me satsa og gje kommunen eit løft, seier Heidi-Kathrin Osland.

(Arkivfoto)

Må henta pengar utanfrå til fjordstien

■ ■ Miljøskapande ■ ■ Kan søkja om midlar

SOGNDAL: Heidi-Kathrin Osland (SV) meiner det er feil å setja skule og fjordsti opp mot kvarandre, og vil henta pengar til prosjektet frå eksterne kjelder.

– Fjordstien er viktig for Sogndal som regionsenter. Me må greia å løysa denne oppgåva, samstundes som kommunen er god på skule og omsorg, seier Heidi-Kathrin Osland. Varaordførar og SV-er klar på at pengar til å byggja ut den mykje omtala fjordstien, ikkje skal takast frå skule og omsorg.

Feil

– Å byggja ein sti i strandkant-

en ser eg som viktig for trivsel, og som del av ei rekkje tiltak for å byggja opp om Sogndal som regionsenter. Slik kan tettstaden vår verta enda meir attraktiv

– Mange fryktar midlar til å byggja ein sti vil gå utover til dømes til skule?

– Det er feil å setja skule og fjordsti opp mot kvarandre. Pengar til dette arbeidet må gå over heilt andre budsjett, eksterne kjelder. Midlane kommunen må søkja om å få er frå postar til å utvikla tettstader, regionale utviklingsmidlar, midlar til kjøp av strandsone m.m., og så har me parkeringsfondet.

– For å søkja på desse budsjetta, må de ha eit eige prosjekt. Utan eit prosjekt, kan de heller ikkje søkja om midlar frå desse ekstra kjeldene?

– Akkurat, og dette er offentlege midlar som me berre får glede av om ein har aktuelle prosjekt. Sogndal har eit framifrå prosjekt med fjordstien. Eg meiner det er viktig for Sogndal å ha eit attraktivt sentrum, og det kan me få med fjordstien. Her kan ein gå eller sykla, seier Osland. Ho viser til at for den biten som står att å byggja ut, er store delar av strandsona alt er bygd ned.

Ikkje same pengepengung

– Me byggjer ikkje ned strandsona. Tvert om vil ein sti her vera med på å oppgradera og gjera området enda meir attraktivt, seier SV-politikaren, som strekar under kor miljøskapande det kan vera for fastbuande og tilreisande å ha

ein sti der.

– Sogndal er inne i ein positiv utvikling når det gjeld folketalet, har fått nye arbeidsplassar, ikkje minst har det skjedd i Leikanger. Dette må liggja i botnen, og kommunen må satsa på å gjera den enda meir attraktivt å bu her. Me må greia å skilja investering og drift av skule og fjordstien. Pengane til desse to prosjekta går ikkje av same pengepengung, seier Osland.

Bakpå

Ho viser til at ein tredel av stien alt er bygt. No er det viktig for kommunen å koma vidare med arbeidet, og ikkje minst koma i mål med ein sti som vil vera med å på eitt av fleire tiltak som kan vera med og byggja opp og styrkja Sogndal si rolle som regionsenter.

SV ynskjer sterkt at plan- og byggjekontoret må få auka ressursar. I dag har dei for liten kapasitet. Difor er kommunen bakpå i det viktige arbeidet med å laga regulerings- og kommuneplanar.

– Kommunen må greia å laga store og samanhengande reguleringsplanen, men det maktar dei tilsette ikkje i dag. Dei er overarbeidde. Fjordstien er eit flott døme på at kommunalt tilsette kan greia å ta ansvar for, dersom dei får kapasitet til å utføra det viktige planarbeidet, seier Heidi-Kathrin Osland.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no